

Arkiv: <arkivID><jplD>
GBNR-178/2, FA-V83
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.08.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
104/23	Utval for areal, plan og miljø	30.08.2023

**Klage på avslag på søknad til å byggje landbruksveg - gbnr 178/2 Kjenes
KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Klagen frå tiltakshavar i sak 21/9389, datert 30.07.2021 og mottatt 31.07.2023, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket av 07.06.2023 med saknr. 087/23 frå Utval for areal, plan og miljø (APM) oppfyller ikkje vilkåra i landbruksvegforskrifta med heimel i lov om skogbruk (skogbrukslova) og vert oppheva. Konklusjonen om å gi avslag på søknaden om å byggje landbruksveg – gbnr 178/2 Kjenes vert oppretthalden.

Nytt presiserande vedtak i saka skal lyde:

«Med heimel i medhald av lov om skogbruk (skogbrukslova)- forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta) § 2-2 andre ledd, jf. veglova §§40-43, samt § 3-2 første ledd bokstav a og andre ledd, så gjev ikkje Alver kommune Rune Fanebust Løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 178, bnr. 2 Nystølen i Alver kommune.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.»

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.

Utval for areal, plan og miljø 30.08.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 104/23 Vedtak:

Klagen frå tiltakshavar i sak 21/9389, datert 30.07.2021 og mottatt 31.07.2023, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket av 07.06.2023 med saknr. 087/23 frå Utval for areal, plan og miljø (APM) oppfyller ikkje vilkåra i landbruksvegforskrifta med heimel i lov om skogbruk (skogbrukslova) og vert oppheva. Konklusjonen om å gi avslag på søknaden om å byggje landbruksveg – gbnr 178/2 Kjenes vert oppretthalden.

Nytt presiserande vedtak i saka skal lyde:

«Med heimel i medhald av lov om skogbruk (skogbrukslova)- forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta) § 2-2 andre ledd, jf. veglova §§40-43, samt § 3-2 første ledd bokstav a og andre ledd, så gjev ikkje Alver kommune Rune Fanebust løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 178, bnr. 2 Nystølen i Alver kommune.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.»

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.

Saksopplysningar

APM saknr. 087/23

Tiltak: Landbruksveg

Søknadstype: Søknad om tiltak

Eigedom: gbnr 178/2

Adresse: Vassbygdvegen 614 , 5912 Seim. Bruksnamn: Nystølen

Tiltakshavar/eigar: Rune Hans Fanebust sidan 12.05.2016

Klagar: tiltakshavar

Tilsvar til klage: Seim Skyttarlag v/Jan Ole Seim

Saka gjeld klage på vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø (APM) i sak 21/9389 med saknr. 087/3, datert 07.06.2023. Det er gitt avslag på søknad om å byggje landbruksveg – gbnr 178/2 Kjenes.

Vedtaket av 07.06.2023 har følgjande ordlyd:

«APM- 087/23 Vedtak:

Klagen frå nabo i sak 21/9389, datert 21.12.2022 og sist supplert 16.05.2022, vert teken til følgje. Vedtaket av 05.12.2022 knytt til løyve til å byggja landbruksveg fram til privat hytte (Nystølen) vert oppheva.

Grunngjevinga er at utval for areal, plan og miljø meiner at landbruksveg som også går fram til privat fritidseigedom (hytte) vil auka faren for uheldige situasjoner knytt til skytebana til Seim Skyttarlag. Det vert vist til at eksisterande landbruksveg går gjennom skytefeltet til skyttarlaget, og at potensiell hyttetraffikk då vil koma i risikosona. Vidare vert det vist til at Politiet i brev av 19.12.2022 mellom anna meiner at om vegen også skal nyttast til transport av personell og materiell til og frå fritidsbustaden, kan dette medføre fare for liv og helse.

Heimel for vedtaket om å ta klagen til følgje er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.»

Saka har vore handsama av APM 1 gang tidlegare i møte den 07.06.2023. Løyve frå landbruksavdelinga i kommunen vart gjort om til avslag på søknad om å byggje landbruksvegen.

«Utval for areal, plan og miljø 07.06.2023:

Handsaming:

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

Klagen frå nabo i sak 21/9389, datert 21.12.2022 og sist supplert 16.05.2022, vert teken til følgje. Vedtaket av 05.12.2022 knytt til løyve til å byggja landbruksveg fram til privat hytte (Nystølen) vert oppheva.

Grunngjevinga er at utval for areal, plan og miljø meiner at landbruksveg som også går fram til privat fritidseigedom (hytte) vil auka faren for uheldige situasjoner knytt til skytebana til Seim Skyttarlag. Det vert vist til at eksisterande landbruksveg går gjennom skytefeltet til skyttarlaget, og at potensiell hyttetraffikk då vil koma i risikosona. Vidare vert det vist til at Politiet i brev av 19.12.2022 mellom anna meiner at om vegen også skal nyttast til transport av personell og materiell til og frå fritidsbustaden, kan dette medføre fare for liv og helse.

Heimel for vedtaket om å ta klagen til følgje er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

APM- 087/23 Vedtak:

Klagen frå nabo i sak 21/9389, datert 21.12.2022 og sist supplert 16.05.2022, vert teken til følgje. Vedtaket av 05.12.2022 knytt til løyve til å byggja landbruksveg fram til privat hytte (Nystølen) vert oppheva.

Grunngjevinga er at utval for areal, plan og miljø meiner at landbruksveg som også går fram til privat fritidseigedom (hytte) vil auka faren for uheldige situasjoner knytt til skytebana til Seim Skyttarlag. Det vert vist til at eksisterande landbruksveg går gjennom skytefeltet til skyttarlaget, og at potensiell hyttetraffikk då vil koma i risikosona. Vidare vert det vist til at Politiet i brev av 19.12.2022 mellom anna meiner at om vegen også skal nyttast til transport av personell og materiell til og frå fritidsbustaden, kan dette medføre fare for liv og helse.

Heimel for vedtaket om å ta klagen til følgje er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.»

For øvrig saksutgreiing vert det vist til saksutgreiing gjeve i saksframlegget til APM den 07.06.2023.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar over vedtaket av 07.06.2023 fatta av utval for areal, plan og miljø.

Klagerett og klagefrist

Som part i saka har man klagerett.

Vedtaket av 07.06.2023 er sendt ut etter arbeidstid den 12.07.2023 med påfølgande virkedag den 13.07.2023 som startdato for klagefrist. Klagen er rettidig mottatt (innan rett tid) den 31.07.2023.

Tilsvar er mottatt den 15.05.2023.

Vidare sakshandsaming

Forslag til vedtak frå komunedirektøren, om å ikkje ta klagen til følgje med ny grunngeving, er eitt nytt enkeltvedtak med klagerett. Dette fordi det er ny og omfattande grunngeving i vedtaket som partane ikkje har fått tatt stilling til. Vedtaket skal ikkje sendast til Statsforvaltaren tilklagevurdering.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på.

Landbruksforskrifta med heimel i medhald av lov om skogbruk (skogbrukslova)

Landbruksvegforskrifta § 2-2 andre ledd:

«Avkjørsler fra offentlig vei og velteplasser som anlegges inn til offentlig vei, skal på forhånd være godkjent av veimyndighetene, jf. [veglova § 40](#) til [§ 43](#).»

Landbruksvegforskrifta § 3-2 første ledd bokstav a:

«Saker som behandles etter denne forskriften skal undergis landbruksfaglige og miljøfaglige vurderinger,

jf. § 1-1, og hvor det blant annet skal legges vekt på:

- a. helhetsløsninger for landbruksvirksomhet og andre formål veien tjener, uavhengig av eiendomsgrænse»

Landbruksvegforskrifta § 3-2 andre ledd første og andre punktum:

«Når saken er ferdig forberedt, skal kommunen enten fatte vedtak om å godkjenne veiutformingen, byggingen eller ombyggingen, sette vilkår for godkjenningen, jf. § 3-3, eller nekte hele eller deler av veianlegget bygget eller ombygget. Vedtaket må bygge på at de landbruksressurser veien har betydning for skal kunne brukes på en rasjonell og regningssvarende måte.»

Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngeve med følgjande:

«Formålet med landbruksveg

På Nystølen står mellom anna eit hus frå 1845 og verdifulle steinmurar som sårt treng vedlikehald. Gbnr 178/2 Nystølen har i 2022 fått utarbeidd skogbruksplan av AT Skog som viser mykje hogstmoden skog. Som synfaringane viste, er den omsøkte forlenginga av eksisterande landbruksveg einaste alternativ.

Seim Skyttarlag hevdar at gbnr 178/2 er ein «fritidsbolig». Dette er ein udokumentert påstand som gardens historie og synfaringane ikkje støttar.

Eksisterande landbruksveg passerer gjennom skytefeltet til Seim Skyttarlag og ei forlenging av denne vil ikkje endra området rundt skytebanane. Omlag 10 grunneigar har allerede rett til å bruka denne landbruksvegen gjennom skytefeltet så ein kan spørja seg kvifor ikkje Nystølen kan få same retten.

Tryggleik

Begrunnelse for at Utval for areal, plan og miljø omgjorde tidlegare vedtak, var bekymring for tryggleiken ved skytebanane.

Krav til drift av skytebaner framgår av «Justisdepartementets forskrifter om skytebaner» frå 1. juli 1988. I § 10.1 og §10.2 står det mellom anna at all skyting skal vera planlagt og varslast med oppslag. Eventuelle berørte naboar skal også varslast. I følge §10.3 skal det varslast med rødt flagg 15 min før og etter skyting. Området rundt skytebanane skal også ha god sikt. I området rundt skytebanane er det i dag mykje vegetasjon og neppe tilfredsstillande sikt. På synfaringa i juli 2022 spurte underteikna representanten frå Seim Skyttarlag om kvar skyteplanen til Seim Skyttarlag var offentleggjort. Svaret var «at dei ikkje hadde skyteplan sidan dei måtte ha adgang til å skyta når det passa, også på kort varsel». Dette er ikkje er i

samsvar med regelverket.

Det er sjølvstakt vår intensjon å fylgja lovverket for skytebaner, men trygg ferdsl kre v også at Seim Skyttarlag oppfyller krava i regelverket.

Konklusjon

- *Den omsøkte forlenginga av landbruksvegen skal nyttast til framføring av materiell til vedlikehald av gbnr 178/2 Nystølen og til skogbruksformål. Det er ikkje ein «hytteveg» slik Seim Skyttarlag hevdar.*
- *Tryggleiken skal ivaretas ved å fylgja regelverket for skytebaner og bruka vegen til tider der det ikkje er aktivitet på skytebana.*
- *Vi siterer statsforvalteren i Vestland: «Vi vil likevel peike på at bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178, bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsvegar i området».*
- *Vi ber derfor kommunen om å oppretthalde sitt vedtak frå 05.12.22 som gjev Rune Fanebust «løyve til å forlenga omsøkt landbruksveg på gnr.178, bnr. 2 Nystølen i Alver kommune».*

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvaret er i hovudsak grunngeve med følgjande:

«Formålet med landbruksveg:

En må få lov til å presisere at det ikke er Seim skyttarlag som skriv «fritidsbolig». Seim skyttarlag har skre ve hytte, slik som Alver kommune har beskrive det i brevet datert 05.12.2022. Seim skyttarlag presisere at det er skre ve «Etter synfaring legger Alver kommune, landbruk grunn at skoginteressene er noko lågere en 50% og interessene i høve til privat hytte noko høgere en 30%».

Hans Rune Fanebust kan gå i dialog med Seim skyttarlag om å finne ein periode i vinterhalvåret der det går an å hente ut hogstmoden skog. Aktiviteten andre grunneigagar har vist, er også på vinterhalvåret. Dei har vegrett som utløyser skogsdrift. Altså heller liten og sjelden aktivitet. Dei har der, ingen veg fram til sine VÅNINGSHUS eller DRIFTSBYGNING. Det er den STORE forskjellen.

Vert eksisterende skogsvegen forlenga/bygd slik at gbnr: 178/2 får veg utløsning gjennom nedslagsfelt (sikkerhetssonen), vil det også utløse en risiko for at veien vil bli benyttet til almen ferdsl. Kanskje kan det og tenkast at dersom eigar skal ha økonomisk nytte av av eiendommen er utvikling av denne til fritidsformål nærliggende å tenke seg og då eventuell med fleire hytter og evtnt hus. Skulle noko slikt skje ville det være umogeleg for Seim skyttarlag å nytte anlegget i framtida. For skyttarlaget vil det være ein tragedie, men også for samfunnet. Seim skyttarlag sitt anlegg er forsikra for total over 20 mill. I dei siste åra er det investert for ca. 8 mill, og mange tusen dugnadstimer. Dette er bortkasta midler om anlegget ikkje lenger kan brukast.

Vi vil også legge til at anlegget som ligger der i dag er erstatningsplass for ei skytebane som måtte fjernest då ny RV 57 rundt 1970 skulle byggast, blant anna til Mongstad.

Tryggleik:

Skytebana til Seim skyttarlag vart i 2021 av offentlig instans godkjent til vidare bruk, her vart heile baneområdet inspisert. Skytebana kan brukast når det er skytelyst men aldri etter kl 21. Bruk vert vist ved at raudt flagg vert heist min 15 min før og firt ned etter endt skyting. I tillegg protokollfører Seim skyttarlag eigen kontroll av baneanlegget kvart år. Ein gjer og merksam på att Forsvaret/ Heimevernet har rett til å bruke bana når som helst på året på kort varsel. Då er all ferdsel i området FORBUDT. Sist heimevernet brukte banen var frå August til Desember 2022.

KONKLUSJON:

1. Advokat Knagenhjelm viser til en utvidelse av bruken av veien til å omfatte kjøring til bakenforliggende privat eiendom vil åpenbart medføre sikkerhetsmessige utfordringer, dette avdi vegen går rett inn og gjennom nedslagsfeltet til skytebane brukt av Seim skyttarlag og Forsvaret/ Heimevernet.

2. Uttale fra Politistasjonssjef Kjell-Idar Vangberg og saksbehandlar Kurt Inge Hordvik: «Politiet er bekymra for hvordan bruken av veien vil bli i framtiden. Blir ein slik vei brukt til transport av personell og materiell, til og fra fritidsbolig, i skytefeltet, kan dette medføre fare for liv og helse. Ved opparbeidelse av en slik vei, vil det også være en risiko for at veien vil bli benyttet til almen ferdsel. Politiet vil fraråde at en slik tilkomst går gjennom skytefeltet.»

3. Seim Skyttarlag vil aldri kunne komme til enighet med Hans Rune Fanebust, dersom ein forlengelse av vegen gjer slik att garden 178/2 får veg utløyning, og dermed auka trafikk inn i vårt Nedslagsfelt. Vi meiner att det er svært uforsvarlig med ein veg som gjev vegutløyning for 178/2 inn i nedslagsfeltet, som blir nytta av både Seim skyttarlag og Forsvaret/ Heimevernet.

4. Seim skyttarlag mener at vegretten som allerede er tinglyst må brukes.

5. Vi ber derfor Alver kommune om å opprettholde sitt vedtak frå 7 juni 2023. Vedtaket i Utval for Areal, Plan og Miljø var då Samrøystest mot bygging av vegen. Begrunnelse var tryggleik på samme måten som FAGINSTANSANE har uttalt, altså: Advokat Knagenhjelm. Og Politiet ved Politistasjonssjef Kjell-Idar Vangberg og saksbehandlar Kurt Inge Hordvik.»

Det vert vist til tilsvaret i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

I del delegerte løyvet var det satt som vilkår i løyvet at avkøyrselføve/endra bruk av avkøyrselføve skal vere avklart før arbeidet med landbruksvegen settast i gang. Avkøyrselføve skal imidlertid vere avklart på «forhånd» etter landbruksvegforskrifta § 2-2 andre ledd, jf. veglova §§40-43. På «førehand» må lesast i samanheng med § 2-2 første ledd om vurdering av konsekvensutredning «før vedtak fattes». Vedtak vil i vår sak vere løyve til byggje landbruksvegen med vilkår. Avkøyrselføve/endra bruk av avkøyrselføve skulle da ha vore avklart før løyve vart gjeve, men var i vår sak satt som vilkår for å avbøte manglar i løyvet og sikre krav til løyvet.

Kommunen har sett på saka på nytt. Det er ikkje tilstrekkeleg å sette vilkår i løyvet om avklaring av avkøyrselføve/endra bruk av avkøyrselføve før arbeidet med landbruksvegen settast i gang. Dette med heimel i medhald av lov om skogbruk (skogbrukslova)- forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta) § 2-2 andre ledd, jf. veglova §§40-43, om at avkøyrselføve/endra bruk av avkøyrselføve skal vere avklart før vedtak vert fatta.

Vidare var det i det delegerte løyvet satt som vilkår at avklaring i høve interessene til Seim skyttarlag skal vere på plass før arbeidet med landbruksvegen settast i gang. Dette vilkåret har ikkje eigen heimel i lov eller forskrift. Vilkåret bygger på ein føresetnad om at privatrettslege forhold, slik som bruksrett til annan manns veg, må vere avklart før ein kan bruke denne veggen.

Kommunen har sett på saka på nytt. Det er ikkje tilstrekkeleg å sette vilkår i løyvet om avklaring av interessene til Seim skyttarlag før arbeidet med landbruksvegen settast i gang, sjølv om veggen ikkje kan veggen byggast før partane vert einige eller Jordskifteretten vert involvert for ei avgjerd. Dette med heimel i medhald av lov om skogbruk (skogbrukslova)- forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta) § 3-2 første ledd bokstav a om heilskapleg løysing for landbruksverksemde og andre føremål veggen tener samt landbruksvegforskrifta § 3-2 andre ledd andre punktum om at dei landbruksressursane veggen har betydning for skal kunne nyttast på ein rasjonell måte.

Det er ikkje ei rasjonelt eller ei god heilskapleg løysing for verken landbruksverksemde, landbruksressursane eller skyttarlaget at klagar skal dele veg da dette må avtalast kontinuerleg med Skyttarlaget på grunnlag av sikkerheitsaspektet ved bruk av skytebana. Skyttarlaget har også gjeve tilbakemelding om at tidsrommet for bruk av skytebana er på dagtid når det er lyst. Dette medfører at tidsrommet klagar kan nytte landbruksvegen er svært liten. Seim skytterlag uttaler:

«Skytebana kan brukast når det er skytelyst men aldri etter kl 21. Bruk vert vist ved at raudt flagg vert heist min 15 min før og firt ned etter endt skyting.»

Seim skytterlag vist imidlertid til ønske om dialog og samhandling om uttak av skogsmoden hogst for klagar i vinterhalvåret. Seim skytterlag uttaler:

«Hans Rune Fanebust kan gå i dialog med Seim skyttarlag om å finne ein periode i vinterhalvåret der det går an å hente ut hogstmoden skog. Aktiviteten andre grunneigar har vist, er også på vinterhalvåret.»

Uttak av hogstmoden skog i vinterhalvåret må også avklarast med Landbruksavdelinga i høve søknad og løyve og krevje førehandsavklaring av avkøyrse/løyve/endra bruk av avkøyrse etter landbruksvegforskrifta § 2-2 andre ledd, jf. veglova §§40-43. Dette vil også korrespondere med Statsforvaltaren sin uttale om at «.. bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178 bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsvegar i området.»

Vilkåra for å gje løyve til å byggje landbruksvegen er på noverande tidspunkt ikkje tilstades. Kommunen skal gi avslag for å byggje landbruksvegen, jf. landbruksvegforskrifta § 3-2 andre ledd første punktum.

Konklusjon

Vedtaket av 07.06.2023 med saknr. 087/23 frå Utval for areal, plan og miljø (APM) oppfyller ikkje vilkåra i landbruksvegforskrifta med heimel i lov om skogbruk (skogbrukslova) og vert oppheva. Konklusjonen om å gi avslag på søknaden om å byggje landbruksveg – gbnr 178/2 Kjenes vert oppretthalden.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

«Med heimel i medhald av lov om skogbruk (skogbrukslova)- forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta) § 2-2 andre ledd, jf. veglova §§40-43, samt § 3-2 første ledd bokstav a og andre ledd, så gjev ikkje Alver kommune Rune Fanebust løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 178, bnr. 2 Nystølen i Alver kommune.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.»

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på

- best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
 9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
 10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
 11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg i saken:

23.08.2023	Tilsvar til klage på avslag på søknad om å byggje landbruksveg - gbnr 1782 Kjenes t(1130299)	1978611
31.07.2023	Klage på vedtak i Utval for areal, plan- og miljø 7. juni 2023 - gbnr 178/2 Kjenes	1969652
21.06.2023	Klage på løyve til å byggje landbruksveg med vilkår - gbnr 178/2 Kjenes	1930488
22.05.2023	Tilleggssvar vedrørende klage på løyve om bygging av landbruksveg	1930158
22.05.2023	Tilleggsopplysningar mottatt frå klagar - gbnr 178/2 Kjenes	1929447
22.05.2023	kartverket - 178/1 - Alver	1929448
22.05.2023	Vedrørende klage på løyve om bygging av landbruksveg gbnr 178/2 Kjenes - "Nystølen"	1929011
24.03.2023	Uttale i høve klage på vedtak om bygging av landbruksveg på gbnr. 178/2 Nystølen	1899171
23.12.2022	Klage på løyve til å byggje lanbruksveg med vilkår - gbnr 178/2 Kjenes	1857028
23.12.2022	Brev politiet	1857029
03.11.2022	Uttale frå kulturutvikling, idrett og frivilligheit, Alver kommune	1828573
30.09.2022	Vedk. synfaring - landbruksveg - gbnr 178/2 og 178/3 Kjenes - Nystølen	1811737
29.09.2022	Høyringsfråsegn - landbruksveg - gbnr 178/2 og 178/3 Kjenes	1810988
01.03.2022	Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 178/2 Kjenes	1700799
01.03.2022	Svar nabovarsel Ole Kristian Kjenes	1700812
01.03.2022	Søknad side 2	1700801
01.03.2022	Søknad side 3	1700802
01.03.2022	Kart 2 - tilkomst veg	1700805
01.03.2022	Kart 1	1700804
01.03.2022	Søknad side 1	1700800
01.03.2022	Oversiktskart med Nystølen markert	1700806
01.03.2022	Søknad, utfyllande opplysningar	1700803
01.03.2022	Listekvittring nabovarsel 2	1700808
01.03.2022	Listekvittring nabovarsel	1700807
01.03.2022	Svar nabovarsel Irene Kjenes	1700809
01.03.2022	Svar nabovarsel Odd M. Vabø	1700810
01.03.2022	Svar nabovarsel Olav Seim 2	1700811

01.03.2022	Svar nabovarsel Seim Skyttarlag	1700813
01.03.2022	Svar nabovarsel Gerd og Kristian Rossnes	1700814
30.05.2023	Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier - Lovdata	1933510
30.05.2023	Forskrift om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenforskrifta) - Lovdata	1933511
06.12.2022	Løyve til å byggje landbruksveg med vilkår på gbnr 178/2 Kjenes - Nystølen	1809121